


# Nyttig informasjon

til deg som har fått Helse Vest-stipend



Som mottakar av forskingsmidlar kan det vere mykje informasjon å skulle ta innover seg i starten, og det kan vere vanskeleg å vite kvar ein skal begynne å spørje. I dette heftet har vi samla nokre av spørsmåla som forskarar ofte tek opp, for eksempel om endring av stillingsprosent, rapportering og søknad om overføring. I tillegg har vi teke med litt praktisk informasjon om lønn. På siste sida finn du ei oversikt over gjeldande retningslinjer.

### Heftet er utarbeidd av:

Regionalt kompetansesenter for klinisk forskning, sekretariatet for regionale samarbeidsorgan.

## Informasjon om Helse Vest-stipendet

Sekretariatet for regionale samarbeidsorgan mellom Helse Vest RHF og universitets- og høgskulesektoren i regionen har fått delegert frå styret i Helse Vest å fordele forskingsmidlane. Ny tildeling skjer i november kvart år, basert på søknadsprosessen med frist 15. september.

Sekretariatet held til i Armauer Hansens hus ved Haukeland universitetssjukehus. Alle spørsmål knytte til forskingsmidlane om rapportering, kreditering, stillingsreduksjon eller permisjon frå stipendet skal rettast til samarbeidsorganet på e-postadressa *forskning@helse-vest.no*.

## Informasjon om arbeidsforhold

Som mottakar av eit Helse Vest-stipend skal du tilsetjast i eit helseføretak i regionen. Det er det lokale helseføretaket der du blir tilsett, som har arbeidsgivaransvaret for deg. Stipendet blir tildelt som ein rundsum, det vil seie at det er opp til den enkelte avdelinga korleis midlane skal fordelast til lønn (inkl. sosiale utgifter) og drift. Alle spørsmål knytte til arbeidsforhold, for eksempel til lønns- og arbeidskontrakt eller kontorplass, skal derfor rettast til leiaren ved avdelinga der du er tilsett.

## Informasjon om økonomi

Forskingsmidlane til Helse Vest skal handterast av eit helseføretak i regionen eller ein privat ideell institusjon som har avtale med Helse Vest. Ta kontakt med avdelinga der du skal tilsetjast, for å få informasjon om kven som skal rekneskapsføre forskingsmidlane knytte til stipendet ditt. I eitt føretak kan det vere controlleren (rekneskapsføraren) på kvar avdeling som tek dette, i andre føretak kan det vere ein person som handterer forskingsprosjekt for heile føretaket. Den som handterer rekneskapsfor prosjektet ditt, skal òg levere årsrekneskapsrapport, med frist 20. januar.

## Informasjon om doktorgradsprogram

Doktorgradsstipendiatar skal vere tekne opp i doktorgradsprogram på eit universitet eller høgskule i regionen. Opptak skjer vanlegvis etter at finansieringa er gått i orden. Ved tildeling av stipend frå Helse Vest skal stadfesting på opptak ettersendast til samarbeidsorganet innan tre månader. Spørsmål knytte til doktorgradsprogrammet skal gå til rettleiar tilsett ved aktuell gradgivande institusjon (universitet).



Ofte stilte spørsmål

## Eg har fått melding om tildeling av stipend i ein e-post, kva gjer eg no?

- ▶ Først kan du klappe deg sjølv på skuldra og juble høgt om du vil. Deretter må du sjekke at opplysningane i brevet og den vedlagde kontrakten er rette. Du skal kontrollere startdatoen, stillingsprosenten, kor mange år stipendet er tildelt for, og namnet på controlleren (rekneskapsføraren). Deretter sender du signert kontrakt tilbake tilsamarbeidsorganet (*forskning@helse-vest.no*) med eventuelle korrigeringar. Du har då stadfesta at du vil ta imot stipendet, og at du aksepterer vilkåra.

Etter at du har stadfesta å ha motteke stipendet, vil du få tilsendt tildelingsbrevet. Dette er den gyldige versjonen av brevet og skal ha rett informasjon per e-post om startdato og tildelt beløp for gjeldande år.

Vi anbefaler dessutan at du les igjennom heile tildelingsbrevet inkludert vedlegga, ettersom dei inneheld informasjon som er relevant for deg som stipendiat. Dersom du har fått tildelt midlar for fleire år, vil du kvart år få ei stadfesting av tildelinga så lenge du har tildeling det året.

## Eg har fått melding om å rapportere fagleg, kva gjer eg no?

- ▶ Du skal kvart år, med frist i januar, levere ein **fagleg rapport** til samarbeidsorganet der du mellom anna skal beskrive den faglege framgangen til prosjektet. Rapporten blir lagd ut i forskingsportalen til dei regionale helseføretaka og er tilgjengeleg for alle.

Forskningsportalen finn du på denne adressa:  
**[forskning.prosjekter.ihelse.net](https://forskning.prosjekter.ihelse.net)**

## Eg fekk óg melding om **årsrekneskapsrapport**, kva er forskjellen?

- ▶ Det skal kvart år leverast ein økonomisk rapport på prosjektet som viser kor mykje pengar som er brukt. Denne rapporten er det rekneskapsføraren ved den rekneskapsførande institusjonen som skal levere, men du som prosjektleiar skal òg vere orientert om innhaldet.



### Eg har tenkt å **søkje om overføring av ubrukte midlar**, korleis gjer eg det?

- ▶ Du søker om overføring i årsrekneskapsrapporten som skal leverast i januar. Søknaden skriv du sjølv, og du skal i korte trekk svare på kvifor midlane ikkje er brukte dette året, og kva midlane du ønskjer overførte, skal brukast til. Om prosjektet er forseinka kan det også reknast ut ein tentativ sluttdato for slutføring av prosjektet som du oppgir i rapporten. Både du og rekneskapsføraren din vil få ei melding om rapporteringa når ho tek til omkring årsskiftet kvart år. Der følgjer òg ei detaljert skildring av prosessen og kva som er registrert på prosjektet. Det er ikkje høve til å søkje om overføring utanom årsrekneskapsrapporteringa.

## Eg skal kreditere ein artikkel, kva er **rett forfattaradressering**?

- ▶ Dei som har motteke forskingsmidlar frå Helse Vest, skal alltid kreditere søkjarinstitusjonen, det vil seie eit helseføretak i regionen eller ein privat ideell institusjon som har avtale med Helse Vest, og som handterer forskingsmidlane. Sjå òg avsnittet om korrekt kreditering av vitskapelege artiklar i tildelingsbrevet.

## Open tilgang (**Open Access**)

- ▶ Helse Vest støttar publisering i tidsskrift med open tilgang, og det er tillate å bruke av driftsmidlane til dette.

## Eg skal ut i **foreldre- og omsorgspermisjon**, treng eg å varsle samarbeidsorganet om dette?

- ▶ For at samarbeidsorganet skal kunne berekne kor mykje som står att av stipendperioden, må vi ha beskjed om start- og sluttdato for permisjon (og ev. sjukefråvær). Du må òg opplyse om dette i søknaden om overføring av ubrukne midlar i samband med årsrekneskapen.

## Kva slags stillingsprosent kan eg forske i?

- ▶ Helse Vest tildeler stipend i anten 50 % eller 100 % stilling. Det kan søkjast om reduksjon i stilling i en periode dersom man skal ut i spesialisering. Det er stor søknad etter forskingsmidlane, og Helse Vest er derfor opptekne av at dei som får forskingsmidlar, skal ta dei i bruk og at doktorgradsutdanninga skal gjennomførast på normert tid (tre år i 100 % stilling). Ettersom mange som får stipend er i klinisk verksemd, er det opna for å ta stipendet ut i 50 % over seks år, slik at det er mogleg å kombinere klinikk og forskarutdanning.

## Kva blir rekna som **driftsmidlar**, og kan eg bruke midlane til å kjøpe meg ein ny PC?

- ▶ Driftsutgifter er direkte utgifter til varer og tenester som er nødvendige for å få gjennomført prosjektet. Driftsmidlane kan nyttast til for eksempel reise- og møteutgifter, kjøp av analysar eller tilgang til forskingsinfrastruktur, kjemikaliar og anna forbruksmateriell / annan programvare som går ut over standard programvare som ansvarleg institusjon skal dekkje. PC-utstyr er rekna som vanleg kontorutstyr som følgjer med ein arbeidsplass, og skal dermed dekkjast av arbeidsgivaren. Det er ikkje lov å ta dekningsbidrag (indirekte kostnader) av Helse Vest-midlane, for eksempel husleige for kontorplass, leige av PC, etc.

## Eg har vore **sjuk**, skal samarbeidsorganet ha beskjed om dette?

- ▶ Sjukefråvær over 16 dagar samanhengande blir refundert av NAV og må meldast til samarbeidsorganet dersom du ønskjer å få forlengd stipendperioden. Mindre sjukefråvær som ikkje blir refundert, treng du ikkje melde frå om dersom det ikkje samla sett fører til ei vesentleg forseinking som du vil søkje om å få teke igjen. Merk at det ikkje følgjer med ekstra midlar til å forlengje stipendperioden utover det som blir refundert av NAV eller arbeidsgivaren.

## Eg skal disputere og skal halde **disputasmiddag**, kan eg bruke av forskingsmidlane til dette?

- ▶ Helse Vest-midlane kan ikkje nyttast til disputasmiddag ettersom det ikkje kan reknast som ein nødvendig kostnad for å gjennomføre doktorgradsprosjektet – sjå òg retningslinjer for handtering av forskingsmidlane.



## Kan eg bruke midlar **etter at eg har disputert**, til å for eksempel dra på konferansar?

- ▶ Etter disputas skal midlane berre brukast til å ferdigstille og publisere artiklar som inngår i graden. Unntaket er dersom du ønskjer å nytte midlane til førebuing av eit postdoktorprosjekt. Det er mogleg å søkje Samarbeidsorganet om dette (les meir på [helse-vest.no/forsking](https://helse-vest.no/forsking)).







Helse Vest RHF  
Postboks 303 Forus  
4068 Stavanger  
Telefon: 51 96 38 00  
[www.helse-vest.no](http://www.helse-vest.no)

## Retningslinjer

Det er egne retningslinjer for kvar stipendkategori. I tillegg kjem retningslinjer for handtering, permisjon og overføring.

Retningslinjene finn du på nettsidene til samarbeidsorganet, sjå **[helse-vest.no/forskning](http://helse-vest.no/forskning)**